



Sindre - no også som grøssartrommis

Uskedalens framifrå trommeslagar og perkusjonist Sindre Aksnes har mange slags oppdrag, ikkje minst slike som sping ut av eit blomstrande musikkmiljø i Rosendal. Ikveld var han ein framifrå operatør med stikkene då han inngjekk i eit stumfilmokester med 12 medlemmer i samfunnshuset. Det trakterte tilsaman 16 instrumentar og laga eit imponerende musikalsk bakteppe for den tyske stumfilmgrøssaren Nosferatu frå 1922. Og det var komponert av ein av deira eigne - Bjarne Øymyr. Den jobben var ikkje mindre enn ein filmmusikalsk prestasjon.

Orkesteret illustrerte dei ymse delane av den i sin tid kritkarroste filmen på ein måte som fekk det både til å gå kaldt og varmt nedover ryggen og vart belønna med intens trampeklapp til slutt. Her vart det ikkje spara på verkemidla musikalsk sett.

Filmen er 1 time og 22 minuttar i den versjon Øymyr har nytta som grunnlag og Cinemateket i Bergen har gjort ein viktig del av jobben. At ei landsens gruppe tek fatt på ein slik oppgåve vitner om kreativitet og dyktigheit, Faktisk har dei 12 øvd berre 2 gongar!
- Men jobben var jo aller størst for Bjarne, seier Sindre.

Mat komponert av Elin Enes frå Uskedalen inngjekk også i festivalpakka i samfunnshuset. Og etterpå var det dans...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

Nett: Ola Matti Mathisen



Film og orkester vart ein harmonisk heilheit